

## ÅRSMELDING ÅR 2000 - KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE

1. Det er i år 2000 halde eit styremøte i turlaget. Det var i "Trudvang" på Kjelkenes 26.09.00.
2. Keipen turlag og Bremanger kommune fekk positivt svar frå Vegvesenet angåande opparbeiding av parkeringsplass ved Brandevatnet. Bremanger kommune må koste parkeringsplassen.
3. Avtalene vedr. Moldahytta og Knekkevasshytta som var nemnt i forrige årsmelding har vi ikkje gjort meir med. Dei "ligg på is", men bruken av hyttene fungerer fint. Samarbeidet med eigarane er godt.
4. Hytteprosjektet på Vetvika har vi ikkje kome vidare med, og vi reknar med å legge bort prosjektet. Kanskje noko anna og betre dukkar opp etter kvart.
5. På våren og forsommaren 2000 har turlager gjort ein stor innsats ved Knekkevasshytta. Det er lagt tre-terasse ved inngangssida og sett opp do- og vedahus. Turlaget har kjøpt doen. Elkem\_bremanger har kosta materialer til byggearbeidet og helikoptertransport av desse opp til hytta. Neste ynskje er å få ovn og skorstein i hytta. To flinke damer har laga gardiner og hylleborder og retteleg pynta opp inne i hytta.
6. På ettersommaren starta Leif Valberg med utbetring og litt omlegging av turstien frå SørDALstrappa til Knekkevasshytta. Vidare blei det varding og T-merking frå SørDALstrappa via Knekkevasshytta og langs ruta til Keipen. Ruta er no varda på sørsida av Søre Hjelmevatn og heilt inn til Vasskaret. Leif Valberg og Oddmund Leirvik har hatt mange fine fjellturar og kjekt arbeid i forbindelse med dette.
7. Turaktiviteten i laget har gått ganske bra bortsett frå i juni og dels i juli då styggever hindra nokre av turane. "Ope hus-arrangementa på Moldahytta og Knekkevasshytta har vore spesielt populære og må følgast opp vidare. Det er i alt oppsummert 207 turgåarar på turlaget sine arrangerte turar. Ellers registrer vi at svært mange brukar dei tilrettelagde turstiane som vi har. Det er lagt ut turbøker på Hornelen.Keipen , Ålfotbreen Gulebrystet,Sandsegga , Moldahytta og innerst i Risevatnet.
8. Turlaget hadde ansvaret for bygging og tenning av milleniums-vare på Gulebrystet nyttårsafta kl. 17.00. Vergudane stod oss bi og det blei ein flott og minnerik opplevelse for alle på fjellet og for dei mange som såg på frå bygdene rundt fjorden.
9. Tursti frå Ytrehus og over til Moldahytta blei rydda hausten 99 og merka med små, raudde brikker no i vinter. Dermed har vi ho merka sti frå Breivika til Ytrehus.
10. Representasjon: Ottar Dahl møtte på Sogn og Fordane turlag sitt årsmøte 2000. Oddmund Leirvik møtte på møte i Førde 21.03.00 ang. DNT's veivalg 2001-2004. Oddmund Leirvik og Jostein Nygård møtte på Fellesmøte 2000 i Fjordland 21.-22.10.00.
11. Medlemstalet er pr. dato 65 , ein auke på 6 medlemer frå 1999.

Leiaren takkar for eit hyggeleg turår 2000.

Svelgen, 08.11.00

Keipen turlag  
Oddmund Leirvik  
leiar

